

Dalen 02.03.2026

Skildring estetisk utforming og tilhøvet til omgjevanadane

av hytteprosjekt Direktstaul

Planen er å rive eksisterande hytte på Direktstaul og føre opp ny. Denne vil ha same standard utan innlagt vatn og straum, men vil vere noko større. Eksisterande hytte har ca. 40 m² bruttoareal, medan ny vil ha 75 m².


Ny hytte vil bli plassert på same stad og med same retning som den som no står der, jf. situasjonsplan (vedlegg 1). Når det gjeld situasjonsplan gjere merksam på at kartverket ikkje er oppdatert, og der er det gamle vedskjolet innteikna. Eg har difor teikna inn det nye på vedlagde.

Om fasadar

Kledning og fasadar er planlagd etter dei føresegner som Vinje kommune har til hyttebygging. Det vert ståande kledning/falsk stav og tretak. Det vil bli eit tradisjonelt saltak med 27 grader takvinkel. Hytta skal bli tjørebreidd slik sel og uthus no er på Direktstaul.

Om høvet til omgjevanadane

Hytteeigedomen er frittliggande på ein gamal støylsvoll i skogsterreng. Den er ikkje synleg for fastbuande, og er knapt synleg frå hytteeigedomar på Djupedal (Gnr 113 bnr 3) på andre sida av Djupedalshylen og fylkesvegen. Avstand til desse hyttene er vel 450 meter.



Dag Rørgemoen

Talleiv Huvestadsveg 3

3880 Dalen

Tlf.: 97 086 084

Epost: dr@vtm.no